



Referat frå Kviteeid sokneråd

Torsdag 24. april 2025 kl. 18.00 (- ca. 21.00)

På kommunehuset 3. etg.

Innkalla: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid, Prost Asgeir Sele, Geir Helge Susort (3.v.)

Innkallinga vart og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.), som møter viss dei får særskilt melding.

Meldt forfall: Knut Gjersund, Kyrkjeverja Kristen Salmelid

Forfall: Dagfinn Køhn, Tarjei Draugedal

Opningsord ved sokneprest Sigrun Lønning Solvang

Servering ved Astrid Breivik

Prosten deltok på møtet i sak 13 og 14. Tilsette Olav Holm og Bjørn Stian Sigurdslid deltok i sak 13

Oversikt over saker:

SR-sak 11.25	Innkalling og saksliste
SR-sak 12.25	Post og meldingar
SR-sak 13.25	Tilsetting av ny kyrkjeverje
SR-sak 14.25	Planmøte
SR-sak 15.25	Gudsteneste- og offerplan for hausten 2024
SR-sak 16.25	Årsmelding frå 2024
SR-sak 17.25	Eventuelt

SR-sak 11.25 FR	Innkalling, saksliste og referat	MS
Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR onsdag 16. april 2025 Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt?		
Dei to siste referata, frå to møte i 2025, er lagt ved innkallinga. Merknader til siste referata?		

Forslag til VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

Ingen merknader til siste SR-referat.

Sak 13/25 bør ikkje starta før 19.00 slik at Olav Holm som er innkalla til saka, rekk fram.

VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

Ingen merknader til siste SR-referat.

Sak 13/25 blir etter kl. 19.00 slik at Olav Holm som er innkalla til saka, rekk fram.

SR-sak 12.25 FR	Post og meldingar	MS
------------------------	--------------------------	-----------

1. Arrangement sidan sist ordinære SR:

- a. Bispevisitasen vart utsett til 2026 eller 2027 grunna redusert arbeidskapasitet i staben på kyrkjekontoret.
- b. Babysong held fram på Misjonshuset omtrent kvar torsdag føremiddag kl. 11-13. Soknerådet har ikkje lenger noko samarbeid med Frivilligsentralen om dette.
- c. Føremiddagstreff på Misjonshuset vinter og vår 2025 har vore 22.jan, 26. febr., 26. mars og 23. april
- d. Språk-kafé på Misjonshuset vinter og vår 2025 (vart frå februar flytta frå onsdagar til tysdagar): 15. jan., 18. febr., 18. mars og 8. april
- e. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen har vore jamleg.
- f. Fellesmøta var i Kviteseid kyrkje 7.-9. mars, med besök av Thor Haavik (kjend frå TV)
- g. Taizé-bøn var i Kviteseid kyrkje 26. mars.
- h. FASTEAKSJONEN: Sjå pkt. 3 under her.
- i. KUL-arrangement: Sjå pkt. 4.
- j. Kvinnenes internasjonale bønedag vart markert som eit felleskyrkjeleg arrangement på Fredheim fredag 7. mars
- k. 'Bøn for Kviteseid' er månadlege fellessamlingar mellom kyrkjene/forsamlingane, Dei held fram siste tysdag kvar månad på Misjonshuset

2. Planlagde arrangement:

- a. Føremiddagstreff: Vi har ikkje meir på Misjonshuset våren -25, men har som vanleg ei sommarsamling på Bygdetunet. Den er i år 25. juni kl. 12.00
- b. Språk-kafé på Misjonshuset fram til sommaren: 20. mai og 17. juni. Marit Sørby overtek som kontaktperson og leiar frå hausten.
- c. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen i kyrkja sin regi held fram 14. mai og 11. juni.
- d. Godhetsveka blir i år 4.-9. mai, med felles Godhetsgudsteneste i Bryggjeparken sundag 11. mai (Sjå referat frå Godhetskomiteen, 26/3) Ny representant frå kyrkja/soknet er Benedikt Nødland.
- e. Felles songmøte er planlagt til september (Sjå referat frå Fellesmøtekomiteen). Soknepresten er med i denne komiteen.
- f. Felles diakonisamling for Vest-Telemark er i år på Vinje-huset 27. april. Då blir det markering av 40 år med prostidiakon i Vest-Telemark. Årsmøte for Diakonatet er rett før, same dag. Utsendingar til årsmøtet blir Marit Sørby og Hanne Roholdt. Diakonisamlinga er open og alle er velkomne. *Sjå vedlagt informasjon og program.*
- g. Eksterne arrangement:
 - i. Camp UNIK (soknepresten informerer kort om kva det gjeld)

- ii. Kommunal senior-dag på Sundvang 22.mai. Diakoniutvalet er oppmoda til å stille med ein person til å stå på stand her denne dagen for å informere om kva dei er engasjerte i. Gunhild Dobbe og Kirsti Skjæveland deltek.
- h. Diakonisamling for Vest-Telemark i Vinjehuset sundag 27. april, med årsmøte i Diakonatet og jubileumsfeiring av 40 år med prostidiakon.
3. **FASTEAKSJONEN** var sundag 6. april. Deltakarar opplevde det som positivt med solidaritetsgudsteneste i Kviteseid kl. 11, og utsending av folk med bøsser frå Kyrkjestøgo like etter. Det fungerte rimeleg godt med at soknerådsrepresentantar frå Fjågesund/Kilen, Vrådal, Brunkeberg og Kviteseid organiserte sine eigne roder og fekk tak i nok folk til å gå med bøsser der det var for lite konfirmantar. Kyrkjeverja var med som overordna organisator. Soknepresten hadde ansvar for kontakt med konfirmantar og føresette, og var med på inspirasjonssamling i Bø saman med Ønsket & Elsket kvelden før. Resultatet vart først meldt som ‘overveldande og rekordstort’, men det var feil. Det ble korrigert til GODT resultat med litt auke frå 2024: **Totalt (pr 15.4.) kr 61.200.** Kontantar var omrent uendra med over 24.000 kr. Vipps hadde ein markant auke. Samla auke frå 2024 er på 6%. Funfact: Kviteseid har samla inn nest mest av 57 «menigheter» i Telemark, og er nr. 90 av 1351 «menigheter» i Norge! Samla resultat tidlegare år var i 2024 kr 53.000, i 2023 kr 63.000, i 2022 kr 39.000 og i 2021 kr 35.000.
4. **Trusopplæringsutvalet er nå KUL-utvalet.** KUL står for Kyrkjeleg undervisning og læring. Leiari er Astrid Breivik. Elles er desse med: Vidar Syrtveit Mikalsen, Jonathan Skree Moen, Benedikt Nødland, Tone Straand, Sigrun Egeland og Sigrun Lønning Solvang. I mangel av trusopplærar har Olav Holm ein periode i haust og vinter hatt 10 % utvida stilling og vore noko med. Frå januar har Inger Holm på timebasis vore med som assistent på undervisningstimar og anna for konfirmantane og på nokre KUL-tiltak som Tårnagentar i Kviteseid kyrkje 23. febr., 0-3 års fokus på gudsteneste i Vrådal 30. mars, Babysong på Misjonshuset. Referat frå KUL-utval ligg ved eller vert ettersendt.
5. **Referat Stabsmøte 2/4, Kulturutval 21/1, Fellesmøtekomité 22/1-25.**
6. **Ymse og møte:**
- Kyrkjeverja (døme på møte i det siste)
- var på møte i Agder og Telemark kyrkjeverjelag 20-21. mars, i Porsgrunn
 - var vert for Lederforum (Kyrkjeverjene) i Øvre Telemark Prosti, i Kyrkjestøgo i Kviteseid 26. april
 - har svara på ei kartlegging knytt til Kyrkjemøtevedtak 7/23 om universell utfordring, -om kyrkja sine fysiske og ikkje-fysiske barrierar
 - deltok 26. mars på Årsmøte i Felleskirkelig foreining i Kviteseid (Proformaorgan over Fellesmøtekomiteen og Godhetsveka) og leverte frå seg dei siste av 9 års rekneskap for Fellesmøta og Godhetsveka i Kviteseid. ‘Fellesforeningen’ består av ein representant frå kvar av menighetane i Kviteseid (Betel, Misjonshuset, Kyrkja og Fredheim)
 - deltok 27. mars saman med soknerådsleiaren på ‘Arbeidslivskonferanse’ for busette flyktningar i Vest-Telemark. Det var på Straand Hotell i regi av Nav, og potensielle arbeidsgjevarar deltok. Vi snakka om kyrkjene og sokna som potensielle arbeidsplassar på kort og lang sikt.
 - Møte på Zoom 10. april med kyrkjeverjene i Vest-Telemark med start på utgreiing av vikarordningar for kyrkjeverjene i tilfelle sjukdom og i feriar (frå 2026). Vi ser mellom anna på kva ein vikar må ha kjennskap- og tilgang til. Neste møte er 6. mai.
- Staben hadde eit sosialt samvær på Straand Hotel 18. mars og inviterte med Soknerådsleiari Marit Sørby og Prostidiakon Eilev Erikstein.

Soknerådsleiaren har vore med på Prostiråd i Seljord, der omorganisering av Ønsket&Elsket stod på dagsorden. Det kjem som ei sak til alle sokneråda seinare i år.
Prostidiakonen hadde ei ‘Miljø-samling’ i Kyrkjehuken 19. mars, og har hatt sorggruppe i Kyrkjestøgo i Brunkeberg.

7. **Ytterdør og teppe i Vrådal kyrkje.** (Ref. vedtak i SR-sak 32.24.)
 - a. Døra vart montert i månadsskiftet febr./mars. *Sjå Kyrkjebladet #1,2025.* Kostnaden blei noko større då vi bad snikkaren også om å måle og montere døra. Tilsette var med på monteringa.
 - b. Nytt teppe i altarringen er på plass. Løparen til midtgangen er noko ‘forsinka grunna båttransport frå utlandet’.
8. **Kyrkjeblad:** Dagfinn Køhn har levert sitt fyrste kyrkjeblad (#1,2025) med eit svært bra resultat. Det kom i postkassene i veka før påske. Vi fekk berre ein reklame til dette nummeret, trass i lågare pris.
9. **Arbeidsutvalet (AU) har framleis ikkje vore samla i 2025** fordi kyrkjeverja ikkje har hatt kapasitet til å førebu sakene i tide, så ingen av sakene til dette SR heller er handsama eller førebudd i AU.
10. **Minnelunden** kom eit stykke på veg før vinteren. Oppgåvene med ferdigstilling blir nå fordelt mellom eigne fagarbeidrarar og ekstern entreprenør. Kyrkjeverja har engasjert ein ekstra mann for å hjelpe til med dette; ukrainaren Olyksandr Didyk (Sasja)-. Han skal arbeida saman med våre eigne tilsette.
11. Søknad om stønad til konservering av kyrkjecunst (måleria) i Kviteseid gamle kyrkje, vart avslått for 4. gong. Vi blir oppmoda til å søkje igjen før november 2025 og eventuelt seinare år.
12. **Ny aldersdatering av Kviteseid gamle kyrkje.** Dag Rørgemoen som er direktør og konservator NMF ved Vest-Telemark Museum, har ei gruppe personar i fagmiljøet som ynskjer å gjere ei ny vurdering av kor gamal dei eldste delane av Kviteseid Gamle kyrkje er. Dei meiner det er godt grunnlag for å få stadfestat at kyrkja er betydeleg eldre enn det som til no er klarlagt, nemleg at kyrkja er frå år 1260. Dei har difor fått tilgang til kyrkja og har teke nokre bilete, for å lage ein dispensasjonssøknad til Riksantikvaren. Der søker dei om å få gjere ei enkel fyrste undersøking. Denne undersøkinga har ein kostnad som dei no prøver å finna midlar til. Kyrkjeverja har meldt at dette er interessant for kyrkja og, og dermed antyda at vi kan vere med på ei avgrensa kostnadsdeling. Seinare kan det bli nødvendig med ein meir omfattande søknad og kostnads-krevjande prosess. Denne vil då i tilfelle gå til Kyrkjebevaringsfondet og vil involvere fleire partar.

SR-sak 13.25	Tilsetting av ny kyrkjeverje	MS /AS
--------------	------------------------------	--------

Til denne saka er tilgjengelege personar frå tilsettingskomiteen kalla inn. I tillegg til Asgeir Sele som er leiar for komitéen, er også dei to tilsette Olav Holm og Bjørn Stian Sigurdslid kalla inn, for om mogleg å få fram nyansar i synspunkt innan komitéen. Knut Gjersund hadde ikkje høve til å vera med på dette møtet. Det er viktig at dei tilsette får fram sine synspunkt for det er dei som skal ha ein ny nærmaste overordna. Men soknerådet gjer sjølvstendige vurderingar og fattar vedtak i saka.

Tidlegare vedtak i saka: (alle ligg tilgjengelege her på [nettsida](#), inkl. vedteken utlysningstekst)

SR-sak 57.24 (på mail 11.12.2024):

Vedtak: Soknerådet innvilgar kyrkjeverja Kristen Salmelid sin søknad om permisjon fra 15. juli til og med november 2025. Permisjonen er ulønt. Samstundes er soknerådet informert om at kyrkjeverja tar ut resten av ferien sin for 2025 i desember same år, og at han såleis ikkje kjem tilbake til arbeid på kyrkjekontoret etter 14. juli 2025. Soknerådet tek Kristen si oppseiling frå stillinga som kyrkjeverja i Kviteseid sokn frå og med årsskiftet 2025/26 til etterretning. Innstillinga er samrøyistes vedteke.

SR-sak 03.25 (30.01.2025):

Vedtak: Soknerådet går inn for å halde fram med kyrkjeverjestillinga i Kviteseid om lag som i dag, og ynskjer at stillinga så snart som mogleg vert lyst ut. Soknerådet er og positive til at kyrkjeverjene i VestTelemark greier ut gode vikarordningar for kvarandre, og ynskjer å få tilbake eit berekraftig forslag for vedtak.

SR-sak 10.25 (på mail 10.02.2025):

Vedtak: Soknerådet takkar intervjugruppa for god og tenleg utlysingstekst og støtter ordlyden i den. Soknerådet ber vidare kyrkjeverja lage full utlysing på soknet si heimeside og på nav.no, og ei annonse med kortare tekst i VTB, på kirkejobb.no. og i Vårt Land.

Innstillinga frå tilsettingskomiteen og referat frå samtalar med referansane, blir lagt fram på møtet.

Vedlegg:

Til tilsettingssaka på dette møtet finn du sakspapira ordna i alfabetisk rekkefylgje frå A-M, i tillegg til utlysingsteksten vedteken i sist soknerådsmøte.

Stillingsutlysinga vedteken 10.02.2025

- | | |
|--|----------------------------------|
| A Søkjarnliste | E CV Ove Berrefjord |
| B Referat intervjugruppa 03042025 | G CV Rigmor Håheim |
| C Referat frå intervju 08042025 | I CV Veronika Johannessen |
| D Søknad Ove Henning Berrefjord | K CV Frank Steinsvik |
| F Søknad Rigmor Emerense Håheim | M CV Maria Taxerås |
| H Søknad Veronika Johannessen | |
| J Søknad Frank Steinsvik | |
| L Søknad Maria Taxerås | |

Forslag til vedtak i SR:

Soknerådet vedtek

VEDTAK:

Soknerådet tilsette Maria Nese Taxerås som kyrkjeverje med 9 av 9 stemmer. Dersom Taxerås takkar nei til jobben, vil soknerådet lyse ut stillinga på nytt. Vedtaket var samrøyistes.

SR-sak 14.25	Planmøte	MS /AS
--------------	----------	--------

Soknerådet hadde eit fyrste møte etter innføring av ‘Samla plan’, i mai 2024. (sjå gjerne [referatet her](#) for å friska opp minnet, og ‘Kirka vår’)

På dette møtet blir det ei avgrensa orientering og samtale rundt Ønsket&Elsket og KUL. Prost Asgeir Sele leiar dette.

VEDTAK:

Prosten orienterte om prosessen med å få Ønsket & Elsket gjort om til ein frivillig organisasjon. Soknerådet får saka opp att til hausten.

SR-sak 15.25	Gudsteneste- og offerplan for hausten 2024	MS / SLS
Soknerådet sitt gudstenesteutval har vore samla og laga eit forslag til plan for gudstenestene resten av 2025, og tilhøyrande offerplan. (Kladden til gudstenesteplanen var klar tidlegare for å få med det mest sannsynlege i Kyrkjebladet som kom ut like før påske)		
Vedlegg: <i>Gudstenesteplan heile 2025 – framlegg til soknerådet v.3</i>		
Forslag til VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde gudstenesteplanen og offerlista for resten av 2025.		
VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde gudstenesteplanen og offerlista for resten av 2025.		
SR-sak 16.25	Årsmelding 2024	KS
I år er det Olav Holm som har skrive mesteparten av årsmeldinga for 2024, etter malen frå tidlegare år. Dette er gjort så enkelt som mogleg, men ligg likevel mykje arbeid bak. Takk til Olav Holm som trødde til då kyrkjeverja var noko redusert. Kyrkjeverja har arbeidd med resten. Framlegget til dette møtet er utan bilet og illustrasjonar, har nokre manglar (markert med gult), og er altså ikkje ferdig. Soknerådet må merke seg og seie ifrå om feil og manglar. (Nynorsk-) retting blir gjort til slutt.		
Årsrekneskapen blir lagt fram for godkjenning på neste soknerådsmøte, etter at det er revidert og revisjonsmelding er motteken (frist 30. april)		
Vedlegg: <i>Årsmelding 2024 -under arbeid Årsrekneskap 2024 før revisjon, så berre til orientering her</i>		
Forslag til VEDTAK: Årsmeldinga er godkjend med dei endringar som er gjort på møtet. Årsmelding og årsrekneskapen blir lagt fram til orientering for Soknemøtet i Vrådal 9. juni (2. pinsedag).		
VEDTAK: Årsmeldinga er førebels godkjend slik den nå ligg føre. Soknerådet får årsmeldinga opp att som sak når den er ferdig – d.v.s. på neste møte 5. juni. Årsmelding og årsrekneskapen blir lagt fram til orientering for Soknemøtet i Vrådal 9. juni (2. pinsedag).		
SR-sak 17.25	Eventuelt	MS
<ul style="list-style-type: none"> Komit� for markering av at kyrkjeverja sluttar. Misjonshuset er bestilt til sundag 29. juni. Komitémedlemmer blir valde på soknerådmøtet 5. juni. Dudnad p� kyrkjegardane: Annonse i Vtb tysdag 29.04. Dugnadsdagane bli: Kviteseid (b��de i sentrum og Kviteseid gamle): M��ndag 5. mai kl. 17.00. Fj��gesund: M��ndag 5. mai kl. 17.00. 		

Brunkeberg: Onsdag 7. mai kl.17.00.

Vrådal gamle kyrkjegard: Måndag 26. mai kl. 17.00.

Dugnadane vart endra til dette:

Kviteseid og Brunkeberg: Onsdag 7. mai kl. 17.00.

Fjågesund: Måndag 12. mai kl. 17.00.

Vrådal gamle kyrkjegard: Måndag 26. mai kl. 17.00.

Vrådal og Kviteeid Gamle treng ikkje dugnad i år.

- **Konfirmantfest 11. mai:**

Planleggingsmøte komitéen: Måndag 28.04.kl.18.00 i Kyrkjestøgo.

Forslag om å invitere til festen: Dei som har vore med og stelt mat på konfirmantsamlingane:
Ingrid Grestad, Kirsti Skjæveland, Ellen Katrine Køhn og Dagfinn Køhn.

Dei neste soknerådsmøta: 5. juni (og forslag om 26. aug., 30. sept. eller 7. okt. 18. nov.)

Soknemøtet (årsmøtet) er i Vrådal 2. pinsedag (9. juni, etter messa) OBS Ny ytterdør og nytt teppe der.